



Vår dato:

03.08.2023

Vår ref:

2023/12110

Dykkar dato:

Dykkar ref:

LUSTER KOMMUNE  
Postboks 77  
6866 GAUPNE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Johannes Anonby, 5764 3125

## Løyve til skadefelling av jerv i Nørdstedalen/Fortunsdalen i Luster kommune

**Statsforvaltaren i Vestland gjer vedtak om skadefelling av ein (1) jerv innanfor eit nærrare avgrensa område i Nørdstedalen/Fortunsdalen i Luster kommune frå 3. august til og med 18. august 2023. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovvilforskrifta § 9. Familiegruppe av jerv som opptrer saman er ikkje omfatta av skadefellingsløyvet.**

**Løyvet skal forvaltast av Luster kommune, som har det administrative ansvaret for godtgjering og rapportering. Det kan klagast på vedtaket innan tre veker.**

Vi viser til søknad 2. august 2023 frå John Rolf Bjørnevåg i Fortun beitelig, om skadefelling av jerv i Luster kommune. Bjørnevåg opplyser at Fortun beitelig og Skjolden beitelig har fått påvist jerveskade på sau, og at det til no er fem individ som er dokumentert drepne. Det første kadaveret vart funne 9.juli, og dei siste to 28. juli. Alle skadane er i Nørdstedalsområdet og inn mot Mørkridsdalen, fortel han. Rein Arne Golf i Statens Naturoppsyn stadfester i telefonsamtale med Statsforvaltaren 2.august at det er til saman 5 dyr som er anten sikkert eller antatt drepne av jerv.

### Lovgrunnlaget

Naturmangfaldlova og rovvilforskrifta dannar den juridiske ramma for Statsforvaltaren sitt vedtak i sak.

Naturmangfaldlova sitt formål (§ 1) lyder:

*«Lovenes formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»*

Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artene og det genetiske mangfaldet deira vert ivareteke



på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege område. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ei slik avveging skal ikkje føre til at målet i § 5 fell vekk, men kan gjere at målet i § 5 vert nådd på ein annan måte eller i eit anna tempo enn om naturmangfaldet hadde vore det einaste forholdet å vurdere, jf. prinsippet om ei geografisk differensiert forvalting. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvalting er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltnemnda og gjennom den regionale forvaltingsplanen for rovvilt i rovviltnemndene.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 i lova leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Naturmangfaldlova §§ 8 til 10 og § 12 er omtalt seinare i vedtaket. § 11 blir ikkje vurdert som relevant for denne saka.

Vi viser til naturmangfaldlova § 18 første ledd b), jf. rovviltnemnda § 13, jf. §§ 1, 2 og 3, der det står:  
*Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- innlandsfisk etter vurdering av myndighetene): Kongen kan ved forskrift eller ved enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- innlandsfisk (...)*  
*b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk vann eller annen eiendom, (...)*  
*Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.*

Vidare frå rovviltnemnda:

*Rovvilstforskrifta § 1 (Formål): Formålet med denne forskriften er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensyn til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltaarter. Forskriften skal sikre en forvaltning som vektlegger forutsigbarhet og lokal medvirkning.*  
*Rovvilstforskrifta § 2 (Definisjoner)*  
*(...)3*

*Rovvilstforskrifta § 3 (Nasjonale bestandsmål og bestandsovervåking): I Norge skal det årlig være 65 ynglinger av gaupe, 39 ynglinger av jerv og 13 ynglinger av bjørn.*

*Rovvilstforskrifta § 9 (Statsforvaltaren sin myndighet til å fatte vedtak om felling og jakt): Statsforvaltaren kan av eige tiltak eller etter søknad gjøre vedtak om iverksetting av felling for å hindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinga skadefelling gjeve av rovviltnemnda, jf. forskriften § 8, eller Miljødirektoratet, jf. § 13. Statsforvaltaren kan delegera sin myndighet til iverksetting av slik felling til kommunen i særskilte tilfelle.*

Ved vurderinga av om det skal gjevest løyve til skadefelling skal det leggast vekt på føringane i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan berre gjennomførast dersom det ikkje finst anna tilfredsstillande løysing ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særleg takast omsyn til

- a) området sin betydning som beitemark
- b) omfang av skader og utvikling
- c) potensialet for framtidige skader
- d) moglegheit for å gjennomføre førebyggjande tiltak

Felling skal vere retta mot bestemte individ. Vedtak om felling skal vere avgrensa til eit bestemt område, tidsrom og tal dyr. Det kan knytast nærmare vilkår til fellingsløyvet, mellom anna at bestemte



typar dyr skal vere unнатекне, at felling skal utførast av nærmere bestemte personar, samt metodar for felling. Det kan også gjevast bestemmingar om dekking av utgifter i samband med felling. Felling og forsøk på felling med tilvising til denne bestemminga blir gjennomført uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltlova § 35.

### **Politiske og forvaltningsmessige rammevilkår:**

Det nasjonale bestandsmålet for jerv er 39 ynglingar i Noreg,

Vi viser til Representantforslag 163 S (2010-2011), og Stortinget si handsaming av dette den 17. juni 2011 der det blei inngått eit nytt einstemmig rovviltforlik. Av rovviltforliket i 2011 går det fram i innleiinga at norsk rovviltforvaltning framleis skal skje innanfor ramma av naturmangfaldlova og Stortingets si handsaming av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsetjinga etter rovviltforliket av 2004, og den vidare oppfølginga av dette.

### **Kunnskapsgrunnlaget**

Rovdata har ansvar for formidling, drift og utvikling av *Det nasjonale overvakningsprogrammet for rovvilt*. Rovdata er den sentrale leverandøren av data om status og utvikling i rovviltnestandane til alle forvaltningsledd. Jervebestanden blir overvaka ved å dokumentere ynglingar og ved hjelp av DNA-prøver. Pr. i dag er det påvist 63 ynglingar av jerv i Noreg. Sjølv om det også har vore noko avgang i form av hiuttak, er talet på ynglingar av jerv i Noreg i år godt over det nasjonale bestandsmålet.

Føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, er mest aktuelt i saker og situasjonar der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap tilgjengeleg. Etter Statsforvaltaren sitt syn er ikkje dette tilfelle i denne saken. Regional forvaltningsplan for rovviltregion 1 viser at heile regionen er prioritert for beitebruk, og det er ingen bestandsmål for jerv.

### **Skadebiletet i det aktuelle området**

I år er det altså fem dokumenterte sauetap som følgje av jerv i dette området. Her har vore store skadeomfang tidlegare, slik som i 2020, då Statsforvaltaren erstatta fire vaksne og 27 lam som drepne av jerv i Nørstedalen. I 2021 var det også fleire kadaver i området, og to lam som vart dokumentert drepne av jerv. Det vart då gjeve skadefellingsløyve, og sett i gang ein omfattande fellingsaksjon, men utan resultat.

### **Vurdering**

Frå 1. juni er det statsforvaltarane som har mynde til å tildele betinga skadefellingsløyve på jerv, jf. rovviltnemnda §§ 8 og 9. Kvoten for skadefelling er vedteken av rovviltnemnda, og for jerv er denne kvoten på 8 dyr.

For region 1 er det ikkje bestandsmål for jerv, og dersom det blir registrert yngling her, blir denne normalt teken ut av SNO etter vedtak i Miljødirektoratet. I rovviltregion 3 er det bestandsmål på fire ynglingar kvart år, og fleire av desse har nær tilknyting inn mot gamle Sogn og Fjordane grense i rovviltregion 1. Dette har gjennom åra ført til streifdyr av jerv og skade i spesielt Luster kommune.

I 2022 var omfanget av rovdyrskade langt mindre, og eit viktig bidrag til det var opplagt uttaket av eit jervehi (tispe med tre ungar) og felling av ein hannjerv, alle i Luster kommune. Sidan Luster kommune, og ikkje minst Fortundalen/Nørstedalen, grensar opp mot Innlandet fylke, som har og skal ha ein bestand av jerv, må ein rekne med at det stadig er fare for at dyr kjem over fylkesgrensa, tiltrekt av dei store mengdene med beitedyr. Røynslene har synt at det er viktig å hindre at jerv slår



seg til her. Talet på drepte sauер i Luster gjennom juli måned tyder på at det ikkje berre er eit dyr på tilfeldig streif, men at det er fare for at jerven vil slå seg til i beiteområdet.

Ut frå historikken med jerveskade i Nørstedalen kan vi ikkje sjå at det finst alternative tiltak som vil løye problemet. Felling av skadegjerande individ er difor det beste tiltaket i denne delen av beiteprioriterte region 1. Det er såleis god grunn til å imøtekome søknaden om fellingsløyve, og både skadane og kostnadene kan ventast å auke dersom jerven vert verande i området. Vi finn at det er grunnlag for å sette inn ekstra ressursar for å gjere eit forsøk på å få felt den aktuelle jerven som gjer skade. Vi har ikkje opplysningar som tilseier at det er meir enn ein skadegjerar i området.

Luster kommune er tildelt ei koordinerande rolle for fellingsforsøk retta mot freda rovvilt for kommunane i heile tidlegare Sogn og Fjordane. Løyvet blir av den grunn retta til Luster kommune. Statsforvaltaren finn ut frå ei totalvurdering ikkje anna tilfredsstillande løysing enn å innvilge skadefellingsløyve i denne saka. Skadehistorikk og skadepotensiale er viktige faktorar i denne vurderinga. Vi bed om at skadefellingslaget/kommunen har dialog med Statens naturopsyn (SNO) knytt til eventuell bistand og kompetanse.

Statsforvaltaren har valt ei geografisk avgrensing av fellingsløyvet ut frå at det skal vere sannsynleg at det skadegjerande individet oppheld seg innanfor det området i dei nærmaste par vekene, samstundes som grensa skal vere mest mogleg eintydig og enkel å forhalde seg til.

## Vedtak

Ut frå vurderingane ovanfor gjev Statsforvaltaren skadefellingsløyve for ein (1) jerv innanfor eit område (avgrensa nedanfor) kring Nørstedalen i Luster kommune. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9. Eventuell familiegruppe av jerv som opptrer saman skal ikkje fellast.

## Følgjande vilkår gjeld for skadefellingsløyvet:

1. Skadefellingsområdet er avgrensa slik: Grensa i sør følgjer riksveg 55 (Sognefjellsvegen) frå fylkesgrensa og til Skjolden. Grensa i vest følgjer Mørkridselvi og Rausdalselvi frå Skjolden og til fylkesgrensa ved Isvatnet. Grensa i nord og aust følgjer fylkesgrensa.
2. Skadefellingsløyvet er tildelt Luster kommune og blir administrert, rekneskapsført og rapportert av kommunen. Det regionale skadefellingslaget er ansvarleg for utføringa av fellingsforsøket.
3. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet frå 3. august 2023 til og med 18. august 2023.
4. Luster kommune skal ha ei liste over deltakarane i fellingslaget, som skal vere tilgjengeleg for Statsforvaltaren i Vestland. Det er eit krav at alle deltakarane i laget oppfyller krava til og innehavar lisens for jerv for jaktåret 2023/2024, jf. krava i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, §§ 13 og 14.
5. Det skal nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til felling av jerv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
6. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Statsforvaltaren (tlf: 481 43 095) og Statens naturopsyn (tlf: 480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingsstad (eller eventuell skotplass) etter oppmoding frå SNO.
7. Skadefellingsforsøk og felling i tråd med dette løyvet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. lov om jakt og fangst av vilt § 35.



8. Felt dyr i medhald av dette løyet er Viltfondet sin eigedom. Ingen kan derfor på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller delar av dyr utan samtykke frå Miljødirektoratet.
9. Dersom jerv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om at dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphold melde frå til Statsforvaltaren, SNO og næreste politimyndighet. Statsforvaltaren avgjer vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk.
10. Deltakarar i kommunale eller interkommunale fellingslag kan etter rovviltsforskrifta § 9 a få godtgjering for den tida som blir nytta til aktivt fellingsforsøk. Kommunen/fellingsleiar må sørge for at deltakarane i fellingslaget fører timelister, køyrerekord og dokumenterer eventuelle andre utgifter som dei vil ha refundert. Statsforvaltaren legg til grunn at fellingsforsøket blir gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte.

Godtgjeringa er 1.910 kroner per deltakar per døgn. Budsjettetramma for fellingsforsøket er sett til inntil 40 000 kroner. Dekking av feriepengar og arbeidsgivaravgift ved utbetalinga av godtgjeringa kjem i tillegg.

11. Statsforvaltaren gjev løye etter rovviltsforskrifta § 9, tredje ledd, til å nytte motorvogn ved postering på følgjande vilkår:
  - A. Under transport skal våpen i bil vere tomt for ammunisjon, og våpenet skal vere nedpakka i futteral, bag eller veske.
  - B. Motor og lys skal være slått av når motorvogn blir nytta til postering.
  - C. Motorvogna som blir nytta som post, skal vere merka med godt synleg informasjon om at fellingsforsøk held på, og at motorvogna er ein del av dette.
  - D. Fellingslag skal ta alle naudsynte førehandsreglar for å ivareta sikkerheita til ålmenta i samband med bruk av bil til postering under fellingsforsøket.
12. Luster kommune skal sende oversikt over utgifter knytt til fellingsforsøket til Statsforvaltaren i Vestland, innan tre veker etter avslutta fellingsforsøk. Søknad om refusjon av utgiftene med godtgjering skal leverast til Statsforvaltaren i Vestland, via elektronisk søknadssenter.
13. Alle medlemmar av fellingslaget som deltek i fellingsforsøket skal ha kopi av dette brevet og vere kjend med vilkåra for skadefellingsløyvet.
14. Familiegruppe av jerv (tispe med ungar) som opptrer saman, er ikkje omfatta av skadefellingsforsøket.
15. Statsforvaltaren kan til ei kvar tid endre eitt eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake fellingsløyvet.
16. Etter fellingsforsøket skal det rapporterast på ei eiga rapporteringsløysing, sjå rettleiing for rapportering sendt 11. mai 2020.

### Klagerett

Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerdar innan tre veker etter at avgjerdar er motteken. Eventuell klage bør grunngjenvæst og rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren, som anten kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

MILJØDIREKTORATET  
Statens Naturoppsy  
Rovviltnemnda region 1  
Vest Politidistrikt  
Mattilsynet  
FORTUN BEITELAG  
SKJOLDEN BEITELAG

John Rolf Bjørnevåg  
Merete Støfring  
Runar Hatlevoll  
Rein Arne Golf  
Breheimen nasjonalparkstyre  
v/verneområdeforvaltar Trygve Snøtun

Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Holmstad	6877	FORTUN
c/o Rune Fuglesteg	6876	SKJOLDEN
Mørkridsvegen 75		